



ULVIK HERAD



ØKONOMIPLAN 2019-2022 og ÅRSBUDSJETT 2019

INNHALD

1. Heradsstyrevedtaket

- 1.1. Ulvik - perla i Hardanger

2. Innleiing

- 2.1 Kommuneplan 2009-2020
- 2.2 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett
- 2.3 Omstilling og utvikling - «Ulvik2021»
- 2.4 Kommunereforma

3. Tenesteproduksjonen

- 3.1 Politisk styring
- 3.2 Administrasjon, kultur og samfunnsutvikling
- 3.3 Barnehagen
- 3.4 Undervisning
- 3.5 Helse- og omsorg
- 3.6 NAV
- 3.7 Teknisk drift og anlegg

4. Økonomiplan 2018-2021 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

- 4.1 Inntekter i planperioden
- 4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden
- 4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden
- 4.4 Investeringar i planperioden
- 4.5 Disponible fond
- 4.6 Næringsfondet
- 4.7 Sparekatalogen - oppsummering

S. Vedlegg

- 5.1 Årsbudsjett 2018, drift. Budsjettskjema 1
- 5.2 Årsbudsjett 2018, investering. Budsjettskjema 2
- 5.3 Detaljert driftsbudsjett, budsjettskjema lb
- 5.4 Betalingssatsar 2018

1. Heradsstyrevedtaket

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett.
3. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2019 vert godkjent med ei totalramme på kr 71 685 000 og eit låneopptak på inntil kr 69 716 862
4. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
5. For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova §3 første ledd, bokstav c.
6. Heradet skriv ut skatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd
7. Det skal skrivast ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» etter overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 fyrste ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2019 være lik 6/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
8. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2019 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.
9. Skattesatsen for det særskilte grunnlaget er 7 promille.
10. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 12.12. 2018 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2019, jfr. eigedomsskattelova § 10.
11. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd.
12. Det vert ein auke i betalingsattsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2019. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.

For avgifter – vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.

Betalingsattsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3% . Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1. 2019.

Betalingsattsane for tenester på skulen vert auke med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2019.

Betalingsatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidsplass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.

Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.

Betalingsatsar for byggjesak og matrikkellov er sett opp med 20%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2019.

13. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.147 mill. i 2019.

14. Løyvingar til vedtekne prosjekt som ikkje er fullførde ved årsskiftet kan overførast til neste års investeringsbudsjett utan ny handsaming i heradstyret.

Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2019 fastsett til kr..... og til varaordførar kr.....

1.1. Ulvik – Eit samfunn med plass til alle og rom for fleire

Ulvik er eit mangfaldig og levande samfunn med mange moglegheiter og gode tenester. Heradet vil legge til rette for at alle skal ha ein trygg oppvekst, få ei god grunnskuleutdanning, kunne delta i eit verdig arbeidsliv og ha ein god alderdom. Vi legg vekt på å satse mest der behova er størst. Alle innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å leve gode liv, uavhengig av kvar dei er i livet. Vi leverer på politikarane sine løfter, og held det vi lovar. Ulvik skal vere eit samfunn med plass til alle og rom for fleire. Leiarverdiane i Ulvik herad er «Stolte, Profesjonelle, Opne og Rause».

«Det er ikke synd på Ulvik herad, dere har mer penger og flere tjenester enn veldig mange andre kommuner», møtte KS-konsulent Håvard Moe oss med, på økonomiplanseminaret på Kongressen den 24-25.september 2018. Nei, vi vil heller ikkje at andre skal synast synd på oss og vi veit at vi leverer tenester som andre kommunar har vore nøydd å fjerne og at vår terskel for å få tenester er låg. Vi veit og at vi er nøydd å redusere på drifta for å komme i hamn med økonomien i åra som kjem. Vakante stillingar eller stillingar som vert fjerna medfører meir oppgåver for dei som vert att. Vi skal bli flinkare til å definere kva oppgåver som skal takast vekk, når vi tek vekk stillingar.

Ulvik har over tid hatt høge inntekter og heradet har vore raus. Det skal vi halde fram å vere, men vi må vere raus på ein annan måte. Vi skal vere raus når det gjeld service og profesjonalitet og vi skal vere raus der det trengst mest. Vi skal framleis yte gode lovpålagde tenester og oppgåver vi tek på oss skal vi halde fram å løyse på best mogeleg måte. At vi er «Perla i Hardanger» kan ingen ta frå oss – det skal vi framleis vere, for alle.

Dei siste åra har det frå statleg hald vorte eit stadig aukande krav om større og meir robuste kommunar og samstundes har fleire statlege oppgåver vorte overført til kommunane og fleire lovpålagde tenester er på trappene, m.a. krav om psykologtilbod i alle kommunar. Ulvik har ikkje vorte større, men heller ikkje mindre. Vi skal løyse dei oppgåver vi er pålagt å løyse. Nokre slike oppgåver vil bli løyst i samarbeid med andre kommunar.

Dei økonomiske prognosane for heradsøkonomien viser at me må ta ned drifta med inntil 8 millionar kroner fram mot 2022. Med god økonomisk styring og rette og naudsynnte prioriteringar, er det råd å få til det. Vi legg til grunn eit nøkternt nivå på inntekter ved sal av konsesjonskraft og legg til grunn noko auke i eigedomskatten i planperioden. Ny sjukeheim skal stå ferdig på tampen av 2019 og lånekostnader relatert til den medfører forventa auke i kostnader på drifta. Når sjukeheimen er ferdig bygd vil lånegjelda ha auka frå om lag 88 millionar kroner ved utgangen av 2018 til 133,5 millionar kroner i planperioden.

I ei tid der omfanget av kommunale tenester vert redusert, er det viktig å finne måtar å jobbe framover på, som gjer at vi framleis er attraktive for tilflytting, for rekruttering og ikkje minst; for å bli buande. Våren 2019 skal ny Strategisk

Nærings- og Utviklingsplan (SNU) leggest fram for politisk handsaming og i 2020 startar arbeidet med Kommuneplanens Samfunnsdel. Desse planane skal vise retning for Ulvik herad i mange år fram og synleggjere det gode ved å bu i Ulvik.

Gjennom budsjettseminar med Heradsstyret og leiarane, arbeid i einingane og budsjettmøter med relevante partar, har vi lukkast å få på plass eit budsjett som er i balanse. Det er heilt avgjerande at planlagde kutt vert gjennomført og at det skjer på det tidspunkt som er planlagt. I samanheng med kutt, må og oppgåver takast bort eller prioriterast ned.

Det er godt å bu i Ulvik og det skal vi i lag syte for at det held fram å vere.

Med helsing

Thore Hopperstad
-rådmann-

2. Innleiing

2.1. Kommuneplan 2009-2020

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Arbeidet med ny samfunnsdel er planlagt starta opp i 2020.

2.2. Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

Handlingsprogrammet er handlingsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen kan vera ein del av handlingsprogrammet, og skal visa kommunen sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er første året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for kommunen.

Kommunestyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Handlingsprogrammet/økonomiplanen skal oppdaterast kvart år.

2.3. Omstilling og utvikling

Heradet har starta ein omstillingsprosess for å tilpasse drifta til strammare økonomiske rammer i åra som kjem. Sparetiltaka i sparekatalogen frå 2016 er langt på veg gjennomført og nye sparetiltak er lagt inn i økonomiplan-perioden 2019-2022. Det er eit viktig mål å framleis yta kvalitativ gode lovpålagde tenester til innbyggjarane i heradet.

2.4. Ufrivillig liten kommune

Ulvik herad hadde klare intensjonar om samanslåing og det vart lagt ned mykje tid og ressursar til dette utgreiingsarbeidet i perioden 2014-2016. Dei kommunane det vart utgreidd samanslåing med valde andre løysingar og Ulvik vart ståande att aleine. På grunnlag av dette vart det ikkje nokon samanslåing av Ulvik herad med annan kommune. Å stå åleine som ein liten kommune har sine utfordringar. Vi har allereie eit omfattande samarbeid med andre kommunar, t.d. IKT, barnevern, skulefagleg rådgjevar, brann, GDPR og legevakttenester. Vi har gode avtalar med våre nabokommunar, som må sjåast på på nytt i samband med at Granvin vert ein del av nye Voss herad. Det er innleia eit meir omfattande og meir forpliktande samarbeid mellom Eidfjord kommune og Ulvik herad. Avklaringar rundt dette reknar vi med kjem på plass i 2019.

2.5. GDPR og personvern

Ny lov som er forankra i nytt EU-direktiv har medført strengare krav til personsikkerheit gjennom det såkalla GDPR (General Data Protection Regulation). Ulvik herad er i gang med dette arbeidet, som er omfattande og tidkrevjande. Vi har eit samarbeid med Kvam herad, der vi kjøper ein 10 % ressurs som Personvernombod frå 2018.

3. Tenesteproduksjonen

3.1. Politisk styring

Heradsstyret og formannskapet er dei sentrale styringsorgana i Ulvik herad. I tillegg er det eit eige partsamansett utval (administrasjonsutvalet). Ut over dette er det ei rad utval som i varetek ulike politiske ansvarsområde som t.d.

Viltneimnd og Fjellstyre. Heradsstyret er vedtaksorgan for budsjett og økonomiplan, etter tilråding frå formannskapet.

Heradsstyre og formannskapet 2015-2019

Heradsstyret frå 14.10.2015

Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.

Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin. Sosialistisk

Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.

Formannskapet frå 14.10.2015

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)

Politiske føringar.

Arbeidet med ein økonomiplan må vera tufta på politiske føringar.

Økonomiplanseminaret som vart halde i Kongressen den 24-25. september 2018, gav heradstyret og tillitsvalde innblikk i utfordringane me står framfor i åra som kjem.

Ny sjukeheim er eit prioritert ynskje frå politisk hald, samstundes gjer heradstyret klart uttrykk for at dei andre lovpålagde tenestene som heradet yter til innbyggjarane også er viktige. Det å leggje til rette for gode oppvekstvilkår, gode helse og omsorgstenester og næringsutvikling som igjen skapar aktivitet og arbeidsplassar vert også vekta tungt inn i dei politiske føringane.

3.2. Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling

1 Verksemda

Verksemda 210 og 200 femner om desse tenestene: Rådmann, politisk verksemd, styring og kontroll, felles administrasjon, felles personalarbeid, økonomi, bibliotek, IKT, flyktningkonsulent, kultur, næring og tilskot til kyrkja.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Stab og politisk omfamnar politikk, kontroll, stab og fellesfunksjonar innan IKT, kultur, næring og personalarbeid. Det er 14 personar tilsett i stab, fordelt på 12,28 årsverk. Det er høg motivasjon og god fagkunnskap blant dei tilsette.

Staben er til liks med resten av Ulvik herad inne i ein omstillingsperiode der me har fokus på god tenesteyting og rasjonalisering av drifta. Me har peika på fleire områder der me vil vurdere innhald i dagens drift og vurdere om ein kan endra noko.

Innafor politisk arbeidsfelt er politisk miljø utfordra på fylgjande punkt:

- Råd og utval, kor skal Ulvik herad vera representert?
- Heradsstyre: Møtetidspunkt og tal medleamar

Innafor administrasjon:

- Gå gjennom lisensar og abonnement, vurdere nytteverdi
- Gå gjennom gjeldande avtaler og vurdere reforhandling
- Digitalisering for å gjera teneste betre og meir rasjonelle
- Digitalisering av møterom for å auka tilgang til webinar og kompetanseheving, samt redusere reiseutgifter.
- Korleis ivareta / overføre arbeid og kunnskap innafor lokalhistorisk arkiv etter 2021?
- Utreiing av framtidig arbeid innafor flyktningfeltet
- Utreiing av meir-ope-bibliotek
- Avtale med Granvin og Eidfjord kommune om felles skulefagleg rådgjevar går ut 31.12.2019, kva skal vera framtidig organisering av dette?

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Dei siste åra har staben gjennomført fylgjande reduksjonar: Kultursjef 100 %, økonomimedarbeidar 20 %, Arkivar 5 % og lagt ned Frivilligsentralen.

I tillegg ligg det i åra 2018 – 2020 årleg reduksjon i tilskot til kyrkja på kr. 50 000. Alle tiltaka er i tråd med sparekatalogen.

Frå budsjett 2018 til budsjett 2019 er det lagt inn fylgjande endringar i driftsbudsjettet:

- Tatt ut Frivilligsentralen
- Fjerne samarbeidsavtale med Granvin herad om biblioteksjefstilling, redusert ytterlegare 10 % på bibliotektenesta
- Lagt inn mellombels bygde- og næringsutviklar i 80 % stilling, rådmannen har ansvar for 20 % av oppgåvene, løn for 100 % stilling frå næringsfondet
- Lønnskostnad for Hovudtillitsvald i 30 % stilling er flytta frå Helse og Omsorg til stab /ansvar 210, auke i lønnskostnad
- Redusert Personal- og administrasjonsleiar med 10 % i 2019, etter avtale.
- Lagt inn kjøp av GDPR-teneste frå Kvam i 10 % stilling, kr. 116 000
- Auka kontingentar og lisensar med 285 000 kr, dette er reelle kostnader
- Redusert konsulentteneste i kontrollutvalet frå 182 000 til 120 000 kr, basert på tidlegare års rekneskapstal

- Redusert kurskostnadar frå 30 000 til 10 000 kr i kontrollutvalet basert på tidlegare års rekneskapstal

Bruk av næringsfondet:

Bruken av næringsfondet er om lag på same nivå som i 2018. Tilskot er justert for konsumprisindeksen. Midlar til Cittaslow er satt til kr. 200 000 (som i 2018). Det er satt av kr. 30 000 til planting i Ulvik sentrum (som i 2018). Midlane som i 2017 har gått med til stilling som Bygde- og næringsutviklar vert nytta til å omdisponere personell og/eller innleige av ekstern kompetanse, gjennomføring av utstrakte prosessar for å få utført generelt næringsretta arbeid, få vedteken ny Strategisk Nærings- og Utviklingsplan og ny Kulturminnevernplan, arbeidet med Cittaslow og anna næringsrelaterte føremål.

I etterkant av vedtak av Strategisk nærings- og utviklingsplan, bør Ulvik herad gjennomføra ei revidering av næringsfondet og samstundes ta ny stilling til vidareføring av Bygde- og næringsutviklarstillinga frå 2020.

Investering, lagt inn fylgjande i 2019, 1 145 000 kr:

- Digitalt utstyr til nytt hst, kr. 70 000
- Digitalt møteromsutstyr, kr. 65 000
- Ny brannmur (ødelagt i 2018), kr. 350 000
- Nytt trådløst system, kontroller, kr. 100 000
- Hovedswitch, kr. 60 000
- Oppgradering av rekneskapsprogram Agresso, kr. 200 000
- Fast investering innan IKT kvart år, kr. 300 000 (inkludert avtale med Kvam herad kr. 170 000 årleg)

Investering, lagt inn fylgjande i 2020:

- Meir-ope-bibliotek, kr. 300 000 (usikkert tal)

4 Målsetjingar og strategiar

Målet er å oppretthalda god og rasjonell tenesteproduksjon, samt ha fokus på digitalisering.

Det er viktig at alle tilsette tek del i omstillingsprosessen som er starta i Ulvik herad då dette er ei nødvendig handling. Verneombod, tillitsvalde, tilsette og politikarar vert oppmoda om å vera gode bidragsytarar i denne prosessen.

Ulvik herad vil søkja samarbeid med nabokommunar for å kunne levera gode og framtidsretta teneste.

3.3. Barnehage

1 Verksemda

Ulvik barnehage har per januar 2019 62 barn, 24 barn under 3 år og 38 barn over 3 år. Til saman 86 plasseiningar. Ved suppleringsopptak i februar og april, kan ein forventa ein auke på til saman 6-8 barn. Fleire søknadsfristar og to suppleringsopptak i tillegg til hovudopptaket løpet av året, gjer det vanskeleg å budsjettera lønskostnader korrekt. På grunn av dette vert det sett inn ein buffer på kr 290 000 som skal dekkja kostnader til auka personalressursar i høve tal barn våren 2019.

Frå august 2018, gjeld bemanningsnorm for barnehage som set rammene for tal barn per tilsett. I tillegg gjeld norm for pedagogisk bemanning som regulerer tal pedagogar i høve tal barn under tre år og tal barn over 3 år. Begge normene ser tal barn i barnehagen samla, ikkje per avdeling.

Barnehagen hadde per august 2018 ei grunnbemanning på avdelingane med 14,2 årsverk. Administrativ ressurs, styrar/einingsleiar utgjer eit årsverk i tillegg. Frå september vart bemanninga på avdelingane auka med 0,53 årsverk, til saman 14,73 årsverk.

Barnehagen har spesialpedagog 0,12 årsverk. I tillegg har ein støtteressurs på eit årsverk, mellombels stilling.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Per januar 2019, vil barnehagen ha drift i fem avdelingar. Modulbarnehagen er på ein mellombels avtale fram til sommaren 2019.

Ut frå forventa barnetal barnehageåret 2019/2020, vil me ha rom for barna i eksisterande bygg frå august 2019. Dette gjeld for hausten 2019. For vår 2020, vil me ut erfaring dei siste åra, ha for lite areale. Det vil krevja noko omorganisering/utbygging for å få på plass tilstrekkeleg leike og opphaldsareale i høve tal barn.

Oppsummert kan ein sei at huset er stort nok om hausten, men for lite på vårhalvåret. Me treng eit bygg som kan vera meir fleksibelt i høve varierende tal barn i løpet av året.

Det må leggjast til rette for at avdelingane kan samarbeida meir effektivt i høve arbeid med barna.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida fram forslag til omorganisering evt. noko ombygging/utbygging for å realisera desse planane på ein god måte. Det er løyvt kr 80 000 til innkjøp av tenester frå konsulent/arkitekt.

Som kjent er bygget vårt gammalt og prega av stegvis utviding og påbygg. Me har behov for utbetring og oppgradering i mange rom, nye golvbelegg og nytt inventar.

På uteområdet er det særleg gjerde ut mot parkeringsplassen som det hastar med å få skifta ut. Dette barnehageåret har me to barnehagelærarar med dispensasjon. Me lyt arbeida aktivt med rekruttering av fleire barnehagelærarar til barnehagen.

Me har fleire tilsette som tek del i fagarbeiderutdanning, og som såleis får heva sin kompetanse.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Budsjetttramma til barnehagen er auka med rundt 1,1 mill. Dette skuldast fleire tilhøve. Me har berekna årsverk ut frå norm for bemanning. Det er lagt inn leige eit halvt år for modulbarnehage, demontering og tilbakesending. Det er sett opp og ein buffer på 290 000 kr for auke i bemanning på grunn av inntak fleire barn ved to suppleringsinntak våren 2019. I tillegg er det behov for 1,2 årsverk støtteressurs etter vedtak om spesialpedagogisk tilbod til barn.

Me har auka posten for foreldrebetaling i tråd med endring av makspris for foreldrebetaling. Det syner seg likevel at inntektene ikkje aukar tilsvarande. Det er på grunn av rett til redusert foreldrebetaling og søskenmoderasjon.

4 Målsetjingar og strategiar

Barnehagen legg opp til ein tenesteproduksjon som er i tråd med regelverk og normer. Budsjettet som er sett opp for 2019, tek høgde for det.

Me ynskjer ein barnehage som lever opp til målsetjingar i Rammeplan for barnehagen, har fokus på godt pedagogisk arbeid og som leverer gode tenester til barn/foreldre.

2019 vil bli eit år med noko omorganisering og endring. Me går tilbake til fire avdelingar Ein ny gjennomgang av vedtektene for barnehagen trengst for å få betre oversikt over inntak av barn i løpet av året, og best mogleg bruk av plassane i barnehagen.

Ser ein på kostra- tal for kommunar i nærområdet i 2017, og samanliknar netto driftskostnader for barn 1-5 år i barnehage, ligg me ikkje så langt unna Jondal sine tal, litt over Granvin sine tal og eit godt stykke under Eidfjord sine tal.

3.4. Undervisning

1 Verksemda

Kap 230 Undervisning femner om:

- Grunnskuleopplæring, Skuleskyss, PPT/spesialundervisning, Skulefritidstilbod (SFO) og Kulturskule.
- Vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring. Gjeld også retten vaksne – inkludert minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.
- Verksemda skal levera tenester som sikrar at born, unge og vaksne sine rettar til god og likeverdig opplæring vert ivareteken, og at lover og føresegner vert haldne.
- Det godt utbygde kulturskuletilbodet har ei lovfesta minimumsramme; dvs at alle kommunar skal ha kulturskuletilbod. Lova definerer ikkje i kva omfang tilbodet skal ha.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

No-situasjonen:

- Skulen har 130 elevar. Me har 16,7 pedagogiske årsverk, i tillegg kjem rektor og ass rektor med 1,6 årsverk. Me har sekretær i 37,5 % stilling og fagarbeidarar/assistentar i til saman 3,6 årsverk. Kulturskulen har 2,2, årsverk.
- Skulen har frå 2015 arbeidd med slå saman klassar i enkelte fag. Frå inneverande skule år (2018-2019) har skulen gått frå å vera fulldelt til å verta 8-delt.
- Skulen har mange elevar med enkeltvedtak innan spesialpedagogikk.
- Eit godt læringsmiljø er hovudsatsingsområdet i 3 semester framover. Heile lærarstaben er i gang med eit digitalt kursopplegg i regi av Høgskulen i Innlandet. Det er laga ein eigen utviklingsplan for dette arbeidet. Målet er å vidareutvikla kollegiet sin kompetanse rundt eit godt læringsmiljø, med fråvær av mobbing og krenkingar. Dei ulike aktivitetspliktene i nye §9a vil vera gjenstand for refleksjon rundt eigen praksis. Opplegget er forskingsbasert, og vil vera ein viktig lekk i skulen sitt arbeid mot å verta ein lærande organisasjon.
- Undervisningseininga har i dag mange dyktige tilsette.
- Nesten alle Ulvik-elevane gjennomfører vidaregåande skule på normert tid, 3 år.
- Undervegsvurderinga i høve til resultat på nasjonale prøver, elevundersøkingar/foreldreundersøkingar og kartleggingsprøver syner varierende resultat.
- Kulturskulen har eit godt og variert tilbod. 90 elevar tar ut 115 elevplassar.
- SFO har teke imot alle som har søkt plass i rett tid, men og gjort opptak etter at fristen var gått ut.
- Frå skuleåret 2018-2019 får elevar med anna morsmål særskild norskopplæring inne i klassen. Dei får morsmålsopplæring i samla gruppe, slik lova krev, men i mindre omfang enn før.

Utfordringar er m.a. knytt til:

- at skulen har ein stor del elevar med behov for til dels omfattande spesialundervisning.
- at skulen har mange minoritetsspråklege, eller med minoritetsspråkleg familiebakgrunn (24%). Desse har ofte meir behov for støtte, tilpassing, tilrettelegging og hjelp enn elevar med norsk bakgrunn.
- at det er slutt på statlege overføringar til arbeid med flyktningar (ei 75 % stilling har tidlegare vore finansiert av flyktningefondet)
- at det ikkje er budsjettert med midlar til vaksenopplæring
- at skulen har hatt relativt stor personalutskifting
- at elevtalet i årskulla varierer mykje, noko som gjer at klassesamanslåing kan verta ei organisatorisk utfordring. Det bør gjerast bygningsmessige endringar, slik at me får minst eitt stort klasserom til.

- digital infrastruktur på skulen
- manglande plan for vedlikehald av klasserom og fellesareal
- manglande plan for utvendig vedlikehald
- manglande plan for - og ressursar til - utskifting av gammalt og utslite inventar
- mangel på møterom for tilsette og eksterne samarbeidspartnarar (foreldre, PPT, BUP og barnevernstenesta)
- behov for opprusting av uteområdet på skulen

Mogelegheiter er m.a. knytt til:

- arbeida for ein praktisk, variert og tilpassa skule ved hjelp av metodiske og didaktiske prioriteringar, m.a. valfaget ALF (arbeidslivsfag) og satsing på entreprenørskap for ungdomstrinnet
- omorganisera skuledagen for å innføra fysisk aktivitet for alle elevane, kvar dag (jf. ny læreplan)
- vidareføra aktiv TL-undervisning
- (ut)nytta gode fasilitetar som fleirbrukshall og rehabilitert symjehall.
- vidareføra uteskule for 1.-7. kl.
- digitale verkty som kan skapa meir variert og motiverande opplæring.
- å innføra lokal matkultur i tråd med Citta-slow satsinga.
- utveksling av lærarar og elevar i tråd med venskapsby-avtale med Greve in Chianti

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

1) Redusert lærartimetal/stillingar. (Må takast frå 1/8, ikkje 1/1 for å unngå oppseiingar)

I sist budsjett vart det vedtatt ein reduksjon på 1 lærarstilling på skulen. Denne skulle effektuerast frå 1.8.2018. Elev med omfattande behov flytta deretter til Ulvik og utløyste ei heil lærarstilling. Dette fører til at undervisningseininga går med eit underskot i 2018.

I neste års budsjett (2019) er denne utgifta innarbeidd i råma som er sett for eininga, ved å omdisponera eksisterande ressursar. I tillegg er det gjort ei innsparing på 0,6 lærarårsverk. Dette vil effektuerast ved å halda fram med samanslåing av klassar på mellomsteget og ungdomssteget, i tråd med tankegangen om tidleg innsats på småsteget. Ein vil likevel kunne slå saman klassar i fag, der det er naturleg, også på småsteget.

Driftsbudsjettet har vore utsett for osthøvelen over tid, og vil ikkje tola meir reduksjon.

Det vil vera nødvendig å oppgradera inventaret i klasseromma og fellesareala på skulen. Til dette treng eininga ei årleg løyving på investeringsbudsjettet fram til oppgraderinga er slutført.

Skulen treng eit møterom. Møterommet representerer ofte skulen sitt ansikt utad, når eksterne samarbeidspartnarar kjem på besøk. Som eit resultat av at skulen har mange elevar med samansette utfordringar, er det ofte ansvarsgruppemøte med deltakartal opp i 10-12 personar. Pr i dag er dette vanskeleg å gjennomføra på ein forsvarleg måte ut frå omsynet til personvernet. Det bør vurderast om det er mogleg å leggja til rette for eit slikt rom på hemsan, ved å gjera nokre bygningsmessige endringar.

Uteområdet er ikkje eininga sitt ansvar, men eg ynskjer å synleggjera ressursbehovet. Det vert arbeidd med plan for uteområdet, i prosess med dei tilsette, elevar og foreldre, samt kultur – og idrettsavdelinga på fylket. Ein planlegg også å søkja om midlar frå eksterne aktørar, t.d. Sparebankstiftinga.

	2019	2020	2021	2022
Inventar	200 000	200 000	200 000	200 000
Etablera møterom	200 000			
Uteområdet	300 000	300 000		

4 Målsetjingar og strategiar

Målsetjingane for eininga er m.a.:

- Elevane i Ulvik herad skal ha sluttresultat/grunnskulepoeng som ligg på det nasjonale snittet, eller over
- Elevar frå Ulvik herad skal ha med seg kunnskapar, motivasjon og haldningar til læringsarbeid som gjer at dei gjennomfører vidaregåande skule på 3 år
- På nasjonale prøver i 5.-8.-9.klasse skal flest mogeleg av elevane i Ulvik skåra på lik linje med det nasjonale snittet, eller over
- I elevundersøkinga skal omfanget av elevar som varslar mobbing reduserast ned mot null
- I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemming, forståeleg og støttande vurdering for læring
- Alle tilsette skal ha godkjent og relevant utdanning
- SFO skal gje eit godt tilpassa og variert tilbod
- Kulturskulen skal gje eit allsidig tilbod

Strategiar for å nå måla: (Dette gjeld både skule, SFO og kulturskule)

- Me må arbeida for å få til eit godt læringsmiljø, med stort læringstrykk og høg trivsel
- Me må vidareføra prinsippet om tidleg innsats og tilpassa opplæring for alle
- Me må arbeida for å få til elevdemokrati og elevmedverknad
- Me må arbeida for å få til eit forskingsbasert utviklingsarbeid i personalgruppa, med mål om å verta ein lærande organisasjon
- Me må nytta det lokale spelerommet som læreplanen gjev høve til
- Me må ha eit etter- og vidareutdanningstilbod som sikrar fagleg kvalitet
- Me må ha eit breiare samarbeid med dei føresette for å skapa betre grunnlag for trivsel, motivasjon og læringsarbeid
- Me må utvikla samarbeidet med grannekommunane
- Me må knyta til oss personale med kunnskap om barne- og ungdomspsykiatri – gjerne i samarbeid med grannekommunane, for å kunne tilby rask hjelp til dei som slit

3.5. Helse og omsorg

1 Verksemda

Eininga har ansvaret for Helse og omsorgstenester i heradet. Tenestene som har egne driftsbudsjett er kommunelegetenesta, legevakt inkludert ØH- senger, psykiatri og rus, fysioterapiteneste, skjenkekontroll, krisesenter, barnevernsteneste inkludert tiltak, annan bustad/ institusjon, aktivitetstilbod barn og unge, Personleg brukar assistent (BPA), fritidskontaktteneste, Ulvik sjukeheim, heimesjukepleie, heimehjelp, institusjonskjøkken, dagsenter, arbeidstova, dagavdeling for demente og ergoterapi.

Eininga er ansvarlig for inntaksnemnd for vurdering av institusjonsopphald, bustadgruppa, tverrfagleg gruppe, koordinerande eining, saker etter serverings- og alkohollova, folkehelse, flyktningar, heradet sin representant i styret Bustadstiftelsen, deltaking Samarbeidsråd Voss lokalsjukehus. Dette er tenester som ikkje er reflektert i budsjettet.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Status for økonomi pr. 1. november 2018 er meirforbruk på 500 000 kr. Underskotet er redusert med 1 400 000 kr samanlikna med 01.11.2017.

Me hadde som målsetting for 2018 å kutte overtidsbruk og bruk av vikarbyrå. Eininga har redusert bruk av vikarbyrå ved ferieavvikling og sjukdom i Ulvik Sjukeheim. Me tilsette ikkje vikar for avelings- sjukepleiar då ho var i omsorgspermisjon. Dagavdeling for demente har hatt redusert tilbod i ferier og ved høgt sjukefråvær. Overtidsbruk har ikkje gått så mykje ned som ynskjeleg. Det skuldast blant anna ein auke i bruk av egne tilsette framfor vikarar frå vikarbyrå.

Me har hatt fokus på turnusarbeid, og vil innføre årsturnus frå 17. desember 2018. Dette har vore eit omfattande arbeid.

Utgift til kjøp av private tenester har vore høgare enn budsjettet, dette er korrigert i budsjett 2019. Me har fått tilskot til ulike prosjekt som rehabilitering, friskliv, folkehelse og kompetansehevingstiltak. Tilskot gjer det mogeleg å bruke ressursar på utvikling av tenester.

Utfordringar:

Reduksjon i bruk av vikarbyrå gjer ein høgare belastning på personalet.

Det er ei utfordring å rekruttere rett kompetanse. Denne utfordringa gjeld alle faggruppe i eininga. Fleire profesjonar søker større fagmiljø enn det Ulvik kan tilby. Ulvik må truleg samarbeide med andre kommunar for å ivareta lovpålagte tenester. Dette gjeld blant anna kjøp av jordmorteneste når jordmor skal gå av med pensjon (truleg ila 2019). I tillegg gjelde det det psykologteneste som er lovpålagt frå 2020. Slike samarbeid kan auke utgiftene.

Det er krav om at kommunen skal innføre velferdsteknologi og ha oppdaterte IKT løysingar. Dette er ein utgift som vil auke i framtida. Ulvik er ein liten kommune, og har heller ingen samarbeidsavtale med store kommunar om innkjøp av slike system. Dette gjer at Ulvik må betale mykje meir, samanlikna med dei kommunar som har etablert felles prosjekt for til dømes velferdsteknologi.

Eininga har hatt store utfordringar med IKT- systema som blant anna er ustabile. Tilsette treng også å få auke kompetansen for å kunne nytta systema effektivt.

Det vil bli fleire eldre i Ulvik om nokre år, og det blir generelt eit høgare krav til rehabilitering i heimen. Dette krev også ein større fleksibilitet i bruk av fysioterapitenester.

Innføring av pakkeforløp for ulike pasientgrupper stiller høgare krav til helse og omsorgstenester. For 2019 vil dette gjelde pasientar innan psykiatri og pasientar som skal få hofteprotese. Brot på avtalar kan gje bøter til kommunen. Dette vil auke presset på kommunale tenester.

Interkommunalt samarbeid som legevakt og barnevern har et høgt utgiftsnivå, som er vanskeleg å redusera.

Bygging av ny sjukeheim er eit stort og krevjande prosjekt. Det kan vera behov for å redusere tilbodet/ redusera oppgåver i eininga i forbindelse med innflytting i bygget.

Eininga har 3 kjøretøy på leasing. Avtalen går ut februar 2019. Det må lagast ein plan for korleis ein skal sikra tilgang på kjøretøy i framtida.

Krav om psykologteneste i kommunar frå 2020 vil gje ein ekstra lønnsutgift. Ein arbeidar her med å få til eit samarbeid med Eidfjord om ei felles løysing, og andre løysingar bør utarbeidast.

Mogelegheiter:

Et auka samarbeid med Eidfjord kan gje nokre fordeler. Til dømes kan det gje betre avtaler ved kjøp at IKT – avtaler (VISMA og NOTUS). Samstundes vil ikkje eit slik samarbeid gje nokre fordel ved innkjøp velferdsteknologi, då begge kommunane er små.

Kjøp av IPAD og berbare PC vil skape høgare effektivitet og ivareta dokumentasjonskrav. Dette er særleg viktig i heimebaserte tenester.

For å auke IKT- og system kompetanse kan eininga nytte kurs og konsulentar for å få på plass lokale superbrukarar av blant anna turnus- system.

Eit fokus på tilskotsordningar kan tilføre eininga midlar for å sikre nødvendig utvikling innan rehabilitering og teknologi.

Eininga har mange avtalar som ikkje har vore evaluert eller reforhandla. Dette gjeld kjøp av private tenester, husleige Bustadstiftinga, drifstilskot fysioterapi. Her kan me redusere nokre utgifter, og etablere dei riktige tenester som eininga har behov for.

Avtalen om felles LIS lege (turnuslege) med Granvin går ut i 2019. Ulvik har nytta turnuslegen inntil 60% stilling. Me ynskjer ikkje å nytte ein LIS lege 100% i Ulvik, og ynskjer ikkje å fortsette med LIS- lege. Dette vil gje ein redusert lønsutgift frå 2020.

Ei avtale om drifstilskot fysioterapeut er sagt opp. Samstundes vil framtida krevje ein anna form på tenesta enn det me får gjennom eit drifstilskot. Eininga må arbeide fram ulike alternativ for framtidas teneste.

Ny sjukeheim vil gje moderne løysingar som skal redusere den fysiske belastninga på personalet. Det kan skape endra arbeidsprosessar som kan gje betre tenester til brukar.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Rekneskapan frå 1.11.2018 eit underskot på 500 000 kr. Samstundes er det ein auke på andre tenester. Til dømes vil utgifter som i realiteten er lønnsutgifter vera utgiftsført som andre driftsutgifter (til dømes 2411, 2440 og 2533). Desse utgiftene vil i auke tilsvarande som lønsauken. Dette er ikkje kompensert i rammetildelinga. Postane 2533 og 2546 er auka opp i forhold til årets rekneskap. Innsparingar i budsjettet må prioriterast i 2019, for å gje fullt innsparing i 2020, sjå tabell.

Konkrete tiltak for innsparingar i budsjettet mot 2020

Tiltak	2019	Sparer for 2020	Teneste
Reduksjon husleige vaskeri og Brakanes stova	Endring/ oppseiing av avtaler	108 000kr	2340
Avvikling av vaskeritenesten og anna aktivitet på Brakanes stova	Omstillingsprosess Avvikling av teneste Styrke frivillig arbeid	209 000kr	2532
Avvikling LIS- lege	Ila 2019.	250 000kr	2412
Reduksjon 60% stilling kjøkken	Skjer ifm ny sjukeheim	258 000kr	2531

Konkret auke i utgift frå 2020

Teneste	Utgift
50% psykologteneste	Minimum 400 000 kr

4 Målsetjingar og strategiar

Hovudmål og delmål frå 2018 vidareførast i 2019 med nokre justeringar.

Hovudmålet:

- Helse og omsorg skal oppretthalde og vidareutvikla tenesteproduksjon slik Helse og omsorgsplanen 2013 legg opp til.
- Eininga skal sikre ein forsvarleg drift.

I periodar der det er høve for å prioritere vil tenester som ikkje har eit driftsbudsjett nedprioriterast.

1: Kutt i overtidsbruk og bruk av vikarbyrå

Tiltak:

- Avdelingsleiarane får tildelt sine budsjett. Dette gjer eigeskap til budsjett og kan auke forståing for økonomistyring.
- Økonomirapportering på kvart einingsmøte for å sikre at eininga kan gjere tiltak i tide. Dette gjeld til dømes der enkeltvedtak medfører ein auke i utgifter. Slike enkeltvedtak må føre til tilskot av mildar/ justering av budsjett
- Endre gjennomføring av ferie for å auke bruk av egne tilsette
- Motivere personalet til å stå i utfordrande oppgåver
- Endring i turnus skal gje redusert bruk av overtid og ein betre ressursstyring.

2. Skal skape ein robust eining

Tiltak:

- Kompetanseutvikling hos personalet for å skape rolleflexibilitet
- Nyttja personalet på tvers i eininga

3. Rekruttere vikarar med rett kompetanse

Tiltak:

- Være aktive på sosiale medier for å reklamere for eininga
- Nyttje gratis oppslag for å fremja eininga som arbeidsplass

- Utreie mogelegheitene for lærlingar

4. Utvikle samarbeid med andre

Tiltak:

- Delta i allerede eksisterande nettverk og samarbeidsorgan
- Betre samarbeid med Eidfjord til dømes psykologteneste og IKT avtalar.
- Utarbeide forslag til tenestemråder som bør inngå i interkommunalt samarbeid
- Styrke frivillig arbeid

5. Bruke teknologi som kan effektivisera arbeidsprosesser

Tiltak:

- Kjøp av berbare PC og IPAD for effektiv dokumentasjon utanfor institusjon.
- Etablere arbeidsstasjonar som har PC og skjermar
- Utnytte mogelegheiter i eksisterande program og system
- Innkjøp av telefonsystem som kan være ubemanna til legekontor
- Sikre kompetanse hos tilsette for å bruke systemet

6. Sikre at alle avtaler med eksterne aktørar er økonomisk forsvarleg

- Bustadstiftinga
- Kjøp av private tenester
- Evaluere og vurdere driftstilskot for fysioterapeutar
- Innføring av husleige

7. Sikre utviklingsarbeid gjennom tilskot

- Styrke rehabilitering utanfor institusjon
- Styrke fokus på brukarar og overgangen mellom dei ulike instansane
- Styrke førebyggjande arbeid i utvikling av folkehelseplan
- Styrke frisklivstilbod som ein del av førebyggjande arbeid
- Styrke fagleg kompetanse gjennom kompetansemildar

3.6 NAV

1 Verksemda

På kommunal sida i NAV Ulvik, så ligg det oppgåver blant anna innan: økonomisk råd og rettleiing, gjeldsarbeid, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og arbeid med flyktningar.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Utfordringa for NAV Ulvik budsjettmessig, er at det kan vera vanskeleg å veta på førehand kor mange som vil søkja om økonomisk sosialhjelp og fylla vilkår for dette. Av dei som søkjar kan størrelsen på den økonomiske sosialhjelpa vera veldig varierende. Det har vore ein stor auke i tal på søknadar og utbetaling av økonomisk sosialstønad dei siste åra. Dei fleste har ikkje sosialstønad som einaste inntektskjelde, men treng supplerande livsopphald.

Det at NAV Ulvik er samansett av både kommunale og statlege tenester, gir NAV Ulvik moglegheit til oversikt over alle statlege ordningar, som kan vera aktuelle for dei som mottar økonomisk sosialhjelp. Det kan vera med på å avbøta på dei kommunale utgiftene til økonomisk sosialhjelp på sikt.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Ulvik herad vil få færre personar som deltar i introduksjonsprogrammet i 2019 enn for 2018. Det betyr ein liten reduksjon i lønsutgifta. Elles er det budsjettekniske justeringar, med forventning om reduksjon i utgifter frå 2020.

4 Målsetjingar og strategiar

NAV Ulvik jobbar mot å få flest mogleg økonomisk sjølvhjelpne. Enten ved at dei kjem ut i jobb (heilt eller delvis) med statlege tiltak der det er mogleg (t.d. lønnstilskot), eller nyttar seg av dei statlege økonomiske ordningane dei har krav på, t.d. bustønad og arbeidsretta tiltak. Resultat av slikt arbeid vil kunne visa seg i reduksjon i utgifter til økonomisk sosialhjelp på sikt.

NAV Ulvik har omtrent same ramme for budsjett i 2019 som i 2018. Men ramma skal ned med om lag kr. 750 000,- frå 2019 til 2020. Noko av nedtrekket vil vera mindre utgifter til introduksjonsløn, men mesteparten vil gå på å redusera utgifta til sosialstønad. Mykje av hovudarbeidet for å minske budsjettet må skje i løpet av budsjettåret 2019, t.d. å få brukarar over i arbeid eller i folketrygdordningar dei kan fylla vilkår for.

3.7 Teknisk drift og anlegg

1 Verksemda

Forvaltning og drift av kommunal eigedom og kommunale bygg
Forvaltning og drift av kommunale vegar
Handsaming av bygg- og plansakar
Forvaltning og drift av vass- og avløpsnett.
Jordbrukskontor
Skogbrukskontor/viltnemnd

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Gebyrsatsar

Som oppfølging av tidlegare vedtak, vert det også i år lagt opp til auke i byggesaks- og plangebyr. Ulvik ligg framleis på linje med kommunar me kan samanlikne oss med når det gjeld desse gebyrsatsane. Gebyra på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne. Husleige vert indeksregulert kvart år pr. 1. mai.

Personale

Reduksjonen av stillingsressurs innan reinhald som vart gjennomført i 2017 har i ettertid vist seg være i overkant av det som er forsvarleg for den daglege drifta. Det er eit stort arbeidspress på dei resterande reinhaldarane, og ein har i tillegg fått ekstra areal å drifte, i form av ein ny fleirbrukshall og barnehageavdeling. Eininga vil sjå på kva moglegheiter ein har for anna organisering av reinhaldet, men ein kan ikkje sjå bort i frå at det på sikt må aukast opp på reinhald. Som følgje av overtaking av nye areal og bygg i Holmen, har det vorte ein markant auke i forvaltingsansvaret for teknisk, men som likevel er tatt innanfor gjeldande rammer.

Kommunal eigedom og bygg:

Som følgje av overtaking av nye areal og bygg i Holmen, har det som nemnt vorte ein markant auke i forvaltingsansvaret for teknisk drift. Når det gjeld dei andre uteområda/grøntanlegga er det ikkje tatt høgde i budsjettframlegget for anna enn vedlikehald av dei områda ein har i dag. Eininga har framleis eit stort etterslep på vedlikehaldsiden på kommunale bygg. Eininga vil derfor fortsetja å føreslå reduksjon av eigedomsmassen gjennom sal og avhending av kommunale bygg.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Det vert som nemnt lagt opp til ein årvis auke i gebyrinntektene i åra framover. For bygg og plan vil det sei ca. 50 000 pr.år.

Det er ikkje lagt opp til naturleg avgang i 2019, men det vert ein liten reduksjon i teknisk administrasjon grunna permisjon.

Når det gjeld avhending av kommunal eigedom, er dette ein prosess som vil gå over tid. Prestagarden 3 vert seld i haust, og administrasjonen vil fortsetja å leggja fram forslag om sal eller avhending for politisk handsaming.

4 Målsetjingar og strategiar

Eininga har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil stab med dyktige medarbeidarar. Med stadig høgare krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å ha fagleg oppdaterte medarbeidarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale.

Eininga har som målsetjing å levere gode tenester med kort sakshandsamingstid innanfor gitte råmer.

4.Økonomiplan 2019-2022 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

4.1 Inntekter i planperioden

Tabell 3	2018 BUD	2019	2020	2021	2022
Konsesjons/ erstatningskraft	-4 858 277	-7 052 543	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Skatt på inntekt og formue	-35 292 000	-35 695 000	-35 695 000	-35 695 000	-35 695 000
Eigedomskatt	-6 928 180	-7 000 000	-7 200 000	-7 600 000	-8 000 000
Statlig rammetilskudd	-52 428 000	-53 794 000	-54 004 000	-54 061 000	-54 064 000
Komp invest. Kostnader	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000
Renter/ utbytte og lån					
- renteutgifter	1 263 408	2 297 948	4 340 297	4 178 068	3 924 185
- avdrag på lån	4 292 806	5 531 097	6 643 992	6 931 694	7 248 020
- avsetning til fond					
- innt. Varområde	-1 150 000	-2 353 000	-2 350 000	-2 350 000	-2 350 000
- renteinntekter	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
- utbytte	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000
- avdrag på lån	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Interne finanstrans.					
- avsetning til fond	2 508 277				
- overføring til inv. Rekneskapen	561 285	1 868 138	118 952	523 479	133 037
- lønnsreguleringsfond	1 400 000	1 200 000	1 400 000	1 200 000	1 400 000
Inntekt introduksjonsordninga	-3 385 800	-2 244 400	-1 596 000	-750 000	0
Samhandlingsreforma					
- avsette midlar	0	0	0	0	0
SUM	-95 923 481	-99 148 760	-95 248 759	-94 529 759	-94 310 759

Statsbudsjettet legg rammene for størrelsen i skatteinntekter og rammetilskot i åra som kjem. Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 1,8%. Ulvik herad sine skatteinntekter består av 2 komponentar, naturressursskatt og personinntektsskatt. Naturressursskatt er ein flat skatt som som vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte KWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor upåverka av andre forhold. Nominell personsinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet. Det er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2019 er det kommunale skatteøret på 11,55%. Veksten i skatteinntektene for heradet må reknast å verta noko mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten er ein flat skatt, skatteinntektene for 2019 er budsjettert med kr 35 695 000.

Rammetilskotet til heradet er påverka av 2 ting, både småkommunetilskotet og inntektsutjamninga. Ulvik herad er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200 og har eit skattenivå under 120% av landsgjennomsnittet. Dette er kriterier som gjer at heradet får småkommunetilskotet på kr 5 698 000. På den andre sida så skal inntektsutjamninga utjamne skilnadane mellom kommunane sine skatteinntekter. Ulvik herad vert trekt for 60% i rammetilskotet av skatteinntektene som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Rammetilskotet for 2019 er budsjettert til kr 53 794 000.

Ulvik heradstyre har bestemt at det skal skrivast ut eigedomskatt etter § 3c i eigedomsskattelova: berre på kraftverk, vindkraft, kraftnettet og anlegg omfatta av særreglane for petroleum, i motsetning til personinntektsskatten og naturressursskatten så har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Her ser me utviklinga for eigedomsskatten sidan 2013.

2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
9 850 000	10 300 000	10 529 487	9 180 888	7 623 449	6 928 180	7 000 000

I skrivande stund har me enno ikkje motteke formuesverdien på kraftanlegga frå sentralskattekontoret for storbedrifter. Men slik det ser ut så går eigedomsskatten på kraftanlegga noko opp, samstundes som teleanlegga i heradet skal fasast ut i løp av 7år. Dermed er dei stipulerte inntektene for 2019 på 7 000 000 kroner.


Ulvik herad har både konsesjonskraft og erstatningskraft å selja. For 2019 hadde heradet 5 gWh erstatningskraft og ca 27 gWh konsesjonskraft for sal. Heradet selde kraft si i begynnelsen av juni for 34,45 øre, noko som gjev ein nettovinst på kr 7 052 543

I planperioden er det likevel ikkje lagt opp til auke i kraftinntektene då det rår stor usikkerheit rundt dette.

Heradet eig 15,3% av Hardanger energi. Forventa utbytte i heile planperioden er i tråd med den vedtekne utbyttmodellen.

Brukarbetaling er motyting for kommunale tenester og vert inntektsført over einingane sine driftsbudsjett. Det utgjør 4,93 % av dei totale inntektene til heradet. Brukarbetalinga er i budsjettframlegget justert opp, det er einingane sjølve som har kome med forslag på den prosentvise auken. Nokon einingar har auka prisen fordi det er naudsyn for å få budsjettet til å gå i hop, andre har auka prisen fordi satsane i utgangspunktet er låge. Då er det sjølv sagt teke atterhald for tenester som ikkje kan justerast, eller tenester der betalingssatsane vert fastsett i samsvar med eige sjølvkostrekneskap. Betalingssatsane for vass- og kloakkavgifter vert fastsett i sjølvkostrekneskapet og renovasjonsavgiftene vert fastsett av styret i Indre Hordaland miljøverk.

Prosentvis fordeling av driftsinntektene:




4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

Budsjett 2019 og øk plan 2019-2022

Tabell 2	Bud 2018	Just 2018	2019 endr %	2020	2021	2022
Rådmann/ stab						
Lønnsutgifter	11 475 650		11 659 260	11 659 260	11 359 260	11 359 260
Driftsutgifter	11 878 556	87 000	12 226 884	12 151 884	12 226 884	12 151 884
Inntekter	-7 332 671		-7 493 990	-7 493 990	-7 493 990	-7 493 990
Netto	16 021 535		16 392 155	16 317 155	16 092 155	16 017 155
Barnehage						
Lønnsutgifter	9 823 483	790 000	10 770 659	10 450 659	10 450 659	10 450 659
Driftsutgifter	800 087		817 689	727 689	727 689	727 689
Inntekter	-1 910 983	193 582	-1 759 443	-1 759 443	-1 759 443	-1 759 443
Netto	8 712 587		9 828 905	9 418 905	9 418 905	9 418 905
Undervisning						
Lønnsutgifter	18 747 000		19 046 952	18 426 952	18 426 952	18 426 952
Driftsutgifter	3 245 129		3 316 522	3 316 522	3 316 522	3 316 522
Inntekter	-3 561 000		-3 639 342	-3 639 342	-3 639 342	-3 639 342
Netto	18 431 129		18 724 132	18 104 132	18 104 132	18 104 132
Helse og omsorg						
Lønnsutgifter	31 139 238		31 637 466	30 998 466	30 998 466	30 998 466
Driftsutgifter	9 211 954	554 000	9 968 617	8 866 617	8 866 617	8 866 617
Inntekter	-5 197 296		-5 311 637	-5 311 637	-5 311 637	-5 311 637
Netto	35 153 896		36 294 446	34 553 446	34 553 446	34 553 446
NAV						
Lønnsutgifter	2 019 041		2 051 346	2 051 346	2 051 346	2 051 346
Driftsutgifter	2 042 813		2 087 755	1 337 755	1 337 755	1 337 755
Inntekter	-219 119		-223 940	-383 940	-383 940	-383 940
Netto	3 842 735		3 915 165	3 005 161	3 005 161	3 005 161
Teknisk avdeling						
282						
Lønnsutgifter	2 210 501		2 210 501	2 210 501	2 210 501	2 210 501
Driftsutgifter	3 966 238		3 966 238	3 966 238	3 966 238	3 966 238
Inntekter	-6 176 739		-6 176 739	-6 176 739	-6 176 739	-6 176 739
	0		0	0	0	0
280,281,283						
Lønnsutgifter	11 732 500		11 920 220	11 920 220	11 570 220	11 570 220
Driftsutgifter	6 838 930		6 989 386	6 929 386	6 869 386	6 809 386
Inntekter	-4 809 830		-4 915 646	-4 999 646	-5 083 646	-5 167 646
Netto	13 761 600		13 993 957	13 849 960	13 355 960	13 211 960
Sum	95 923 482		99 148 760	95 248 759	94 529 759	94 310 759

Rammene til einingane byggjer på budsjettet for 2018 der lønskostnadane er kompensert med ein lønsauke på 1,6%. Endringane i ramma til einingane kjem etter at lønsjusteringa er gjort.

Fordelinga mellom einingane ser slik ut:



Det er ikkje foreslått store sparetiltaka i 2019. 2019 vil ein bruka til å gjennomføre dei endringane som omstillingsprosessen krev slik at ein i 2020 har sunn økonomi som er tilpassa dei utfordringane som framtida gjev.

Ramma til staben er styrka med kr 87 000 for å ha midlar til val og noko auke i lisens.

Det er gjort ei omfordeling mellom einingane, slik at NAV og Barnehage har fått auka ramme for 2019, medan Undervisning og Teknisk er redusert. Ramma til barnehagen er styrka som følgje av den nye barnehagenormen og for borna som byrjar i barnehagen på nyåret. Styrkinga er varig, ut frå dagens drift. Styrkinga til NAV gjeld berre for 2019, då NAV reknar med å få ned kostnaden til kommunale ytingar frå 2020.

Ramma til Helse og omsorg er styrka med utkjøpa av fysioterapeut. Dette gjeld berre for 2019. Helse og omsorg har elles lagt inn fleire kutt i drifta, for at dei skal komme ned på ramma. Dei har hatt overforbruk dei siste åra.

Vidare i planperioden er det lagt opp til sparetiltak på:

- kr 3 026 000 for 2020
- kr 635 000 for 2021
- kr 200 000 for 2022.

4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden

Lån	Tabell 4	årleg avdrag	re.gj 31/12-19	re.gj 31/12-20	re.gj 31/12-21	re.gj 31/12-22
	20080355	6 500 000	325 000			
	20090166	7 692 450	384 623			
	20090765	4 202 000	210 100			
	20100969	2 500 000	125 000			
Refinansiering						
	20120647	15 735 040	983 440	12 784 720	11 801 280	10 817 840
Nytt lån 2013		0	0	0	0	0
Nytt lån 2014		0	0	0	0	0
	20150485	42 691 470	2 134 574	34 153 176	32 018 603	29 884 029
	20160593	1 991 338	99 567	1 692 637	1 593 070	1 493 504
nytt lån va-prosjekt lån 2017 eige sak		11 850 000	592 500	10 665 000	10 072 500	9 480 000
Nytt lån 2017		9 654 516	482 726	8 689 064	8 206 339	7 723 613
Nytt lån 2018		37 148 715	1 238 291	35 910 425	34 672 134	33 433 844
Nytt lån 2019		33 386 862	1 112 895	33 386 862	32 273 967	31 161 071
lån 2019 mellombels finansiering		36 330 000	0	36 330 000		
Nytt lån 2020		8 631 048	287 702		8 631 048	8 343 346
Nytt lån 2021		6 326 521	316 326			6 326 521
Nytt lån 2022		2 166 963	108 348			
SUM				173 611 884	139 268 940	138 663 767
				2019	2020	2021
Avdrag				5 531 097	6 643 992	6 931 694
Renter				2 297 948	4 340 297	4 178 068
SUM				7 829 045	10 984 289	11 109 762
						2022
						7 248 020
						3 924 185
						2 166 963

I framlegg til budsjett for 2019 legg me opp til at heradet skal ta opp lån på 715

kr 37 148

I planperioden er det framlegg om låne:

- Kr 8 631 048 for 2020
- Kr 6 326 521 for 2021
- Kr 2 166 963 for 2022

Avdrag og renter:

For berekning av renteutgiftene har ein nytta kommunalbanken sine stipulerte budsjettrenter. Vidare så ligg nedbetalingstida på låna for det meste på 20 år, men for lån til sjukeheimen så har ein nytta nedbetalingstid på 30 år. Det er kommunelova § 50 som sett vilkår både for nedbetalingstid og berekning av avdrag. Lova seier : «Gjenstående løpetid for kommunens eller fylkeskommunens samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for kommunens eller fylkeskommunens anleggsmidler ved siste årsskifte». Dette betyr i praksis at avdraga til heradet ikkje kan vera mindre enn avskrivningane. For rekneskapsåret 2017 balanserte dette.

4.4 Investeringar i planperioden

Tabell 5	2018	2019	2020	2021	2022
IKT	650 000	795 000	300 000	300 000	300 000
IKT skule	200 000	250 000	200 000	200 000	200 000
IKT Helse og omsorg		300 000	300 000	300 000	300 000
Ny Brannmur		350 000			
Meirope bibliotek			350 000		
IT-struktur ny sjukeheim		1 000 000			
Inventar barnehagen		200 000			
Bilar PLOMS		360 000			
Opprusting toalett kyrkja		400 000			
Kommunale bygg	1 500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Kommunale vegar	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Innbet til husbanklån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Investeringar avløp ihht plan	6 650 000	2 700 000	3 000 000	2 600 000	
Investeringar vatn ihht plan	3 460 000	2 400 000	3 100 000	1 950 000	
Ulvik Sjukeheim ny/ rehabilitering	25 000 000	25 000 000	0		
Mellombels finansiering tilskot sjukeheim		36 330 000			
Sum	38 060 000	71 685 000	8 850 000	6 950 000	2 400 000
Finansiering	38 060 000	71 685 000	8 850 000	6 950 000	2 400 000
Overføring drift	561 285	1 868 138	118 952	523 479	133 037
Bruk av fond	250 000				
Avdrag lån	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
LÅN	37 148 715	69 716 862	8 631 048	6 326 521	2 166 963

I framlegg til budsjett for 2019 er det lagt inn investeringar i IKT, inventar barnehagen, utkjøp av leasing bilar PLOMS, opprusting toalett i kyrkja, kommunale bygg og kommunale vegar. I tillegg er det lagt opp til investeringar i vatn og avlaup etter vedteken plan.

I planperioden er det framlegg om investeringar på: Kr 8 850 000

for 2020

Kr 6 950 000 for 2021

Kr 2 400 000 for 2022

4.5 Disponible fond

	Konto (T)	Beløp
25300100	Investeringsfond	6 291 595
25300110	Ubunde inv. fond avbøtande tiltak	2 773 125
25791000	Disposisjonsfond	9 946 861
	Disponible midlar	19 056 634

Ulvik herad har disponible midlar på fond med kr 19 056 634 pr oktober 2018. Då er det teke omsyn til allereie vedtekne løyvingar.

4.6 Næringsfondet

Budsjettert bruk av næringsfond 2019			
Teneste	Tekst	2019	2018
3250	Tilrettelegging næring		
	Bygdeutviklar 80 %	567 100	692 000
16/334	Hardangerviddatunnelene	0	25 000
16/267-5	Kunsnarhusvære i Berlin	5 000	5 000
	Honorar AONGrieg	90 000	90 000
15/355	Tilskot Reismål Hardangerfjord AS	390 000	390 000
	(LVK) Landssamansl. av Vasskraftkommunar	130 000	130 000
12/185-8	IS Fjordvegen Rute 13	35 000	35 000
11/281-1	Utmarkskomm sammenslutning	33 000	33 000
16/415	Tilskot Ulvik Næringslag	972 000	972 000
12/46-33	Hardangerrådet	208 970	208 970
	SNP/Tilskot	600 000	600 000
16/444	Nynorsk kultursentrum - Haugesenter	1 100 000	1 100 000
13/74	Poesifestival	551 100	551 100
	Cittaslow	200 000	200 000
	Diverse driftsutgifter	176 576	167 993
	Sentrumsplanting	30 000	30 000
16/386	Hardingpuls - Årleg tilskot	15 000	15 000
12/44	Medlemskontingent Forum nye Bergensbanen	38 120	38 120
	Somamrfestival - Årleg tilskot	25 000	25 000
15/383	Cruise destinasjon hardangerfjord	120 000	120 000
	Folkehelse/Stirydding/Skiltning av turløyper	50 000	50 000
17/758	Handelslagsprosjektet	40 000	40000
15/421-2	Rettslokale på Lofthus	13 450	13450
	SUM 3250	5 390 316	5 531 633
1202	Rådmann nyttar 20% av si tid til næringsutvikling fram til ny bygde og næringsutviklar er tilsett.	264 600	
3253	Tilrettelegging jordbruk		
	Tilskot forsøksringane	50 000	50 000
	Løn med mer næring	205 000	200 000
		255 000	250 000
3255	Tilrettelegging skogbruk		
	Løn/drift næringsadm	253 000	247 000
3253	Veterinærtjeneste		
	Kjøp av tenester privat	230 000	300 000
3333	Osafjellsvegen	40 000	40 000
3852	"Frie" kulturmidlar	100 000	100 000
3601	Vilt/utmarksnæring		
	Løn/administrasjon	108 000	105 000
3750	Museum		
	Hardanger og Voss Museum	12 000	12 000
3850	Kulturadm.		
	Lønn kulturkonsulent	424 000	417 000
3650	Kulturminneforvaltning		
	Tilskot kulturvern	60 000	60 000
SUM		7 236 916	7 116 083

4.7 Sparekatalogen - oppsummering

Sparekatalogen	Sum i 1000 kr.	År	År	År	År	År	Merknader	Status
		2017	2018	2019	2020	2021		
Eining/område	Tiltak							
Administrasjon	Kultursjef 100% stilling	-700					Naturleg avgang. Oppgaver overført andre.	Gjennomført
Administrasjon	20% ressurs stab		-100				Naturleg avgang. Vedk slutta i 2017.	Gjennomført
Administrasjon	Arkivar 45% stilling	-33				-267	Naturleg avgang lagt til 2021.	Delvis gjennomført
Administrasjon	Leiar Frivilligsentral	-125	-125				Sentral lagt ned vår -17. Tilbod om anna arbeid for tilsett 60%.	Gjennomført
Administrasjon	40% miljøarbeider				-200		Justert til flyktningebudsjett. Innsparing på "ramma".	
Administrasjon	Justert tilskot Kyrkja		-50	-50	-50		Justert tilskot Kyrkja	Delvis gjennomført
Undervisning	Reduksjon tal lærarar	-200	-600	-400	-400		Frå 0,6-2,5 årsverk i perioden. Slå saman klassar.	Delvis gjennomført
Undervisning	Velkomstklassen.Reduksjon.	-100	-100				Reduksjon med 0,5 årsverk.	Gjennomført
Undervisning	Reduksjon assistentar	-125	-125	-250			Frå 0,5 til 1 årsverk i perioden. Mindre ekstraressursar	Gjennomført
Undervisning	Kantinetilbodet	-150	-150				Tilbodet tatt vekk	Gjennomført
Undervisning	Ekskursjonar	-90					Færre døgn til ekskursjonar.	
Undervisning	Reduksjon reiseutgifter	-50					Ikkje dekking reiseutgifter. Kulturskulen.	
Undervisning	Lærebøker	-100					Redusert budsjett lærebøker	
Helse& sosial	Redusert legeteneste		-528				Frå 3 til 2 fastlegar	Gjennomført
Helse& sosial	Redusert fysioterapiteneste				-452		Frå 2 til 1 driftstilskot. Naturleg avgang eller vakanse.	I prosess
Helse& sosial	Nr.10/vaskeriet flytta til US			-275	-150		Drift og husleige nr 10 i 2019 + drift Brakanesstova frå 2020	I prosess
Helse& sosial	Samanslåing PLOMS og HS		-500				Redusera frå 5 til 4 einingsleiarar.Naturleg avgang	Gjennomført
Pleie- og omsorg	Redusera 80% stilling kjøkken	-102			-370		Reduksjon v/ledigheit. 20% (2017), 60% (2020)	Delvis gjennomført
Pleie- og omsorg	Redusera 50% stilling US		-256				Reduksjon v/naturleg avgang	Gjennomført
Pleie- og omsorg	Sjølvkost - arbeidsstova		-54				Brukarane finansierer tenesta.	Gjennomført
Pleie- og omsorg	Redusera 40% stilling hjelpepleiar			-207			Reduksjon heimehjelp	Gjennomført
Pleie- og omsorg	Redusera sjåfør og heimehjelp	-230		-200			40% heimehjelp.50% sjåfør.	Gjennomført
Pleie- og omsorg	Betalingstenester		-60				Auka inntekter. Heva satssar.	
Teknisk	Auka gebyr byggesak og plan	-50	-58	-72	-84		20% auke pr.år	Gjennomført
Teknisk	Kommunale vegar		-200	-30	-135		Redusert vintervedlikehald. Nedklassifisering vegar.	Delvis gjennomført
Teknisk	Redusera 100% stilling kontor					-350	Naturleg avgang. 100% stilling kontor.	
Teknisk	Redusert stilling 100% - drift						Naturleg avgang. 100% stilling drift.	
Teknisk	Redusera 100% stilling reinhald	-300		-200			100% stilling redusert ved naturleg avgang	
Teknisk	Redusera driftsutgifter -bygg	-300	-45	-51	-60		Sal av kommunal eigedom.Reduserte driftsutgifter.	
Sum innsparing		-2 655	-2 951	-1 735	-1 901	-617		
	I tillegg kjem innsparingar på NAV og barnehage i planperioden.							